

Framtidi

av Ivar I Kaardal i 1895

Den som fekk liva og sjå kor dei ståka
når me heve lege i grava ei tid
eg trur han mykje utrulegt sku råka
om ikkje lenge han kraup att i hi
Ingen på jordi seg att vilde kjenna
alting i verdi vil standa på enda
mykje utenkt vil i framtidi henda
soleis er beinaste meiniga mi

Eimskipi verta no snart bert ei sog
ingen vil bala med sovoret kram
Alle maskinor som ryka og loga
verta i framtidi berre ei skam
Jarnveg og hestar slett ikkje vert bruka
alle med luftskip heretter vil fjuka
ingen på jordi treng ganga å kruka
når ein i lufti kan flaksa seg framtida

Hundre år her etter sleppa dei eta
folket or lufti si føda vil få
Detta da er'kje så så beint fram å veta
men de'r trulegt det soleis vil gå
Alt som vert gjort, med maskiner vert laga,
ingen treng arbeida, bera og draga,
likevel trur eg at folk vilja klaga
sjølv om dei so sleppa hausta å så

Visst er det framtidi mykje vil syna
vitskapen endå han mykje vil nå
Mangt av det gode dei også vil tyna
det kan ein heilhuga segja og spå
Og det er visst at her vert nok ein snunad,
både i styr og i stell og i bunad
Verket det fær no vel eingong si kruna,
kanskje det vert når vår jord skal forgå.